



## Notat

Dato: 23.04.2015  
Arkivsak: 2014/558-129  
Saksbehandlar: ingtakl

---

**Til:** Eigedomssesksjonen

---

**Frå:** Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

---

### **Uttale til Nye Voss Gymnas - frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vart i møte 22.04.2015 orientert om forprosjektet som føreligg for nye Voss Gymnas. Orienteringa gav eit godt innsyn i planane for Voss Gymnas med omsyn til universell utforming.

Prosjektet er organisert som ein konkurranse der entreprenør er prosjekterande og utførande. Det vert difor stilt store krav til oppfyljing og kontroll frå fylkeskommunen for å sikre at universell utforming vert ivaretatt.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne er kritiske til at rådet ikkje har vore involvert tidlegare i prosessen, på skissestadiet, då ein lettare kan korrigera planane med omsyn til universell utforming utan at dette går ut over kostnadane i prosjektet.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ynskjer å fylje prosjektet i den vidare utforminga innvendig med omsyn til universell utforming.

Med venleg helsing,

Harald Norheim  
leiar